



Ronald Freddy Pettersen
Liaflaten 37
5132 NYBORG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1518 - 19/15523

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@meland.kommune.no

Dato:

05.07.2019

Melding om manglande dykk i utløp i septiktank - GBNR. 44/4

Meland kommune er forureiningsmynde etter forurensingslova og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg forureining eller fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørgja for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jfr. forurensingslova § 7.

Meland kommune har 04.07.2019 motteke melding frå Norva 24 Vest AS om at septiktanken på eigedommen din, gnr. 44, bnr. 4 manglar dykk i utløp. Når utløpet manglar dykk, vil slam og forureinande stoff bli leda ut av slamavskiljaren til pumpekum/fordelingskum eller direkte til infiltrasjonsfilter. Dette kan medføre stor fare for tetting av kum eller filter. Manglande dykk er ein feil som gjer at anlegget ikkje overheld reinsekrava og kan i verste fall føre til at kloakk slår inn i bustaden eller renn ut av tanken.

Tilstanden må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.

For å få utbeta septiktanken må du kontakte ei godkjent rørleggjarverksemd eller verksemda som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølve utføre dette arbeide.

Dersom mangelen allereie er utbeta, ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagte skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbeta lekkasjen, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurderer å gje pålegg om utbetring, jf. forurensingslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jfr. forurensingslova § 73.

Tilbakemelding

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sendes til:

- postmottak@meland.kommune.no eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Astrid Riise
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

GBNR 44-4 Skjema for tilbakemelding

Mottakere:

Ronald Freddy Pettersen

Liaflaten 37

5132

NYBORG